

KOMMISJONSVEDTAK**2015/EØS/29/36****av 10. juni 2009****om endring av europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/95/EF om unntak for bruk av bly, kadmium og kvikksølv, for å tilpasse vedlegget til den tekniske utviklinga***[meld under nummeret K(2009) 4187]*

(2009/443/EF)(*)

**KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —**

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/95/EF av 27. januar 2003 om avgrensning av bruk av visse farlege stoff i elektrisk og elektronisk utstyr⁽¹⁾, særleg artikkel 5 nr. 1 bokstav b), og ut frå desse synsmåtane:

- 1) I samsvar med direktiv 2002/95/EF krevst det at Kommisjonen vurderer visse farlege stoff som er forbodne i medhald av artikkel 4 nr. 1 i det nemnde direktivet.
- 2) Visse materiale og komponentar som inneholder bly og kadmium, bør få unntak frå forbodet ettersom det framleis ikkje er teknisk eller vitskapleg mogleg å fjerne eller å byte ut desse stoffa i dei nemnde materiala og komponentane.
- 3) Utskifting av bly i loddemateriale for loddning av tynne kopartrådar med ein diameter på 100 µm eller mindre i transformatorar er ikkje mogleg enno.
- 4) Det er ikkje mogleg å skifte ut bly i overflatebehandling av høgspenningsdiodar på ein base av sinkboratglass.
- 5) Det er ikkje mogleg å skifte ut kadmium og kadmiumoksid i tjukkfilmmasse som vert nytta på aluminiumsbunden berylliumoksid.
- 6) Innan 31. desember 2009 bør det kunne takast i bruk annan teknologi for å unngå bruk av analoge optokoplarar

i alt lydutstyr til yrkesbruk.

- 7) Det er i dag ikkje mogleg å byte ut kvikksølv som hemmar av katodeforstøving i plasmaskjermar for likestraum med opptil 30 mg per skjerm, men dette bør verte mogleg innan 1. juli 2010.
- 8) Direktiv 2002/95/EF bør difor endrast.
- 9) I samsvar med artikkel 5 nr. 2 i direktiv 2002/95/EF har Kommisjonen rådspurt dei partane som det gjeld.
- 10) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 18 i europaparlaments- og rådsdirektiv 2006/12/EF⁽²⁾ —

GJORT DETTE VEDTAKET:*Artikkel 1*

Vedlegget til direktiv 2002/95/EF vert endra slik det er fastsett i vedlegget til dette vedtaket.

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 10. juni 2009.

For Kommisjonen

Stavros DIMAS

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 148 av 11.6.2009, s. 27, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 66/2010 av 11. juni 2010 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 49 av 16.9.2010, s. 16.

(¹) TEU L 37 av 13.2.2003, s. 19.

(²) TEU L 114 av 27.4.2006, s. 9.

VEDLEGG

I vedlegget til direktiv 2002/95/EF skal nytt nr. 33-38 lyde:

- «33. Bly i loddemateriale for loddning av tynne kopartrådar med ein diameter på høgst 100 µm i transformatorar.
- 34. Bly i komponentar som er baserte på keramisk metall i trimmepotensiometer.
- 35. Kadmium i fotomotstandar til optokoplarar som vert nytta i alt lydutstyr til yrkesbruk fram til 31. desember 2009.
- 36. Kvikkolv som hemmar av katodeforstøving i plasmaskjermar for likestraum med opptil 30 mg per skjerm fram til 1. juli 2010.
- 37. Bly i overflatebehandling av høgspenningsdiodar på ein base av sinkboratglass.
- 38. Kadmium og kadmiumoksid i tjukkfilmmasse som vert nytta på aluminiumbunden berylliumoksid.»